

LOs innspel til Næringskomitéens høyring om Kvotemeldinga (29.01.2024)

Meld.St. 7 (2023-2024) «Folk, fisk og fellesskap – ei kvotemelding for føreseielegheit og rettferdig fordeling».

LOs medlemmer i fiskerinæringa er hovudsakleg yrkesfiskarar i havfiskeflåten, og arbeidstakarar innan fiskemottak og vidareforedling av fangsten på land. Både desse medlemsgruppene, og familiane deira, er busette i små og store kystsamfunn langs heile kysten. For oss er det avgjerande å sikre og oppretthalde trygge og gode arbeidsvilkår og levekår for våre medlemmer. LO vil understreke at det må leggest opp til eit breitt forlik om fiskeripolitikken og ressursfordelinga, slik at ein sikrar føreseielege og stabile rammer for verdiskapinga.

Hovudmålet med fiskeripolitikken må vere å legge til rette for ei berekraftig, forsvarleg fiskeriforvaltning, som sikrar ressursgrunnlag og økosystem både no og for framtida. Fiskeripolitikken skal ivareta mange mål, ikkje minst busetnad, sysselsetting og næringsverksemd langs heile kysten.

Fiskeriministeren har understreka at Kvotemelding 2.0 ikkje er ei industrimelding. LO stiller seg uforståande til at ein i meldinga berre skal vurdere ressursfordelinga *utan* å sjå dette i samheng med vidareforedlinga på land, og sikring av sysselsetting i kystsamfunna. Vi er derfor skuffa over det manglande omsynet til å sikre at ressursane vert landa i Norge, og at bearbeiding av fisken i størst mulig grad vert gjort i Norge. Vi har merka oss at fiskeriministeren har signalisert at ho ønsker ein brei diskusjon om sjømatindustrien, rammevilkår, og auka bearbeiding i tida framover. - Vi forventar at den diskusjonen kjem raskt i gong.

Fordeling av ressursane

Det er brei einigheit, både i fiskerinæringa og politisk, om at vi skal ha ein variert flåtestruktur med små og store fiskefarty som kan drivast med lønsemd. LO har gjennom mange innspel og høyringsvar, også gjennom dei mange høyringane dei seinaste par åra om ulike sider ved kvotefordelinga, påpeika at fordelinga mellom flåte- og fartygruppene har vore stabil over fleire ti-år, og må ligge fast.

LO støttar attinnføringa av trålstigen for fordeling av torskekvota nord for 62 grader nord, og sildestigen for fordeling av norsk vårgytande sild, og meiner denne dynamiske fordelinga sikrar at den minste flåten vert særleg tilgodesett når kvotene er låge.

LO støttar *ikkje* at den minste flåten vert tildelt større del av ressursane gjennom å «ta frå toppen». Fiskarane i havfiskeflåten har gjennom åra deltatt i mange «spleiselag» for ulike



ordningar som har blitt tatt frå toppen, som rekrutteringskvoter, kystkvoteordning, mm. Eit slikt misbyte som vert føreslått i regjeringas kvotemelding, vil gå direkte ut over våre medlemmers arbeidsplassar i havfiskeflåten. – Dette er heilårs-arbeidsplassar, med høgt fokus på helse, miljø og sikkerheit. Desse fiskarane bur òg i kystsamfunna langs heile kysten. Etter norsk lov er ingen fiskar vurdert som vanleg arbeidstakar, og løna vert utrekna som del av fangsten (lott). Ei slik omfordeling som regjeringa føreslår, vil gjere desse arbeidsplassane usikre, og medføre eit stort direkte inntektstap.

Fiskeriministeren har tydeleg påpeika at eit sentralt formål med fleire av tiltaka er å styrke kystfiskeflåtens del på bekosting av havfiskeflåten, og då særleg trålgruppa, og meiner dette skal vere meir rettferdig. Etter LOs syn er ikkje dette «meir rettferdig». Vi kan ikkje akseptere at ein arbeidsplass i havfiskeflåten eller i fiskeindustrien er mindre viktig enn ein arbeidsplass på ein sjark, og vi vil heller ikkje akseptere at myten om at ein havfiskar ikkje bidrar til busetting og levedyktige lokalsamfunn vert ståande uimotsagt.

Havfiskeflåten sikrar at fiskeindustrien på land har jamn og stabil tilgong på ressursane, òg utanom sesongtoppar som skreifisaket. Endringane som vert føreslått vil medføre endringar i landingsmønsteret av råstoff til fiskeindustrien, noko som gir utfordringar med stabil tilgong av råstoff og dermed kan resultere i tap av verdiskaping og færre heilårsarbeidsplassar. At havfiskeflåten kan levere til industrien heile året, sikrar heilårsarbeidsplassar på land, og at folk både kan og ønsker å bu i små kystsamfunn. LO meiner det er nødvendig å konsekvensutgreie korleis dei føreslåtte endringane påverkar jamn og heilårleg tilgong på fisk for fiskeindustrien, - noko som ikkje er gjort i arbeidet med denne meldinga.

Havfiskeflåten er i dag ein viktig rekrutteringsarena, og ei svekking av arbeidsplassane i havfiskeflåten vil vidare forringe tilbodet til trygge lærlingplassar.

Det er viktig å hugse at fiske langt til havs ikkje kan erstattast av den aller minste flåten. Det er framleis slik at målet om å hauste heile den tildelte kvota ligg fast, noko som er avgjerande både for tilgong på mat frå havet, og trygging av heile verdikjeda. Då må faktisk fiske skje der fisken er, og det er ikkje slik at den minste flåten kan sikre dette.

LO er nøgd med at meldinga understrekar at havressurslova, deltakarlova og fiskesalslagslova framleis ligg fast. Når det gjeld forslaga kring fiskesalslagslova om styresamansetting, og ønske om å gjennomføre ein «etterkontroll» av om lov og handheving er i samsvar med formåla, så støttar LO dette.

Strukturering

Utgangspunktet for struktureringa var å tilpasse fangsleddet til ressursgrunnlaget. Etter kvart vart òg målet om å sikre ei kontinuerleg produktivitetsutvikling og legge til rette for betra lønsemd



sentralt. – Det har altså vore ein villa politikk å få færre og lønsame einingar. Det kan synast som at Riksrevisjonen har gløymt dette målet, i noko av sin kritikk om at det nettopp har blitt færre og større einingar.

I Nærings- og fiskeridepartementets høyring i fjor om strukturgevinstfordeling, understreka LO at utgåtte strukturkvoter som kan halde fram innanfor forsvarleg forvaltning, bør kome dei respektive strukturgruppene til gode og fordelast på grunnkvota. LO meiner det framover må vurderast grundig om ytterlegare strukturering i fiskeflåten faktisk er nødvendig, eller om andre tiltak betre kan sikre ei berekraftig ressursforvaltning av alle marine ressursar. Dersom vidare strukturering skal tillatast, må ein sjå nøye på tidsavgrensingar, og om framtidige struktureringsordningar ev kan slå urimeleg ut for dei som allereie har strukturert. LO vil likevel ikkje her gå imot den føreslåtte fordelinga av strukturgevinst etter den såkalla modell X.

Avslutting

LO vil understreke at det er svært viktig å få eit breitt forlik om fiskeripolitikken og ressursfordelinga, slik at ein sikrar føreseielege og stabile rammer. LO meiner fordelinga mellom hav og kyst må ligge fast.